



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
07.12.2015
Dykkar dato
13.11.2015

Vår referanse
2015/14938 461.2
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale til utvida utsleppsløyve i samband med bruksendring frå hotell til asylmottak - gnr. 99, bnr. 31 - Våge - Lindås kommune

Vi syner til oversending av 13. november 2015. Lindås kommune har mottatt søknad om utvida utsleppsløyve for gnr. 99 og bnr. 27 og 31 i samband med at det skal søkjast om bruksendring frå hotell til asylmottak.

Den 3. april 2008 var det gitt utsleppsløyve i samband med løyve til bruksendring frå forretningsbygg til pensjonat. Reinselegget har i dag ein kapasitet på 35 personekvivalentar (pe). Utsleppet vert reinsa i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Restaurantbygget har vore del av hotelldrifta og utsleppet frå dette bygget har vore knytt til reinseanlegget for sjølve hotellbygget. I samband med at bygga no er planlagt tatt i bruk som asylmottak vert det søkt om utvida utsleppsløyve frå 35 til 70 pe. Søknaden omfattar både gnr. 99 og bnr. 27 og 31.

Oppgraderinga består av at det vert installert ein ekstra reaktortank. Avlaupet frå reinseanlegget vert ført i tett leidning til sjø i Vågsvika som ligg inst i Fjellangervågen. I følgje kommunen har resipienten naturleg dårlege tilhøve, og det vert difor sett krav til reinsing av avløpsvatnet i biologisk/kjemisk reinseanlegg, slik det er søkt om. Reinseanlegget for 70 pe skal handsamast i samsvar med forureiningsforskrifta kap 13.

Forureiningsforskrifta har standardkrav til utsleppsløyve, som til dømes reinsekrav og prøvetaking av avløpsvatnet. Kommunen må innarbeide desse krav i løyvet. Vidare må kommunen vurdere om løyvet oppfyller krava i vassforskrifta og naturmangfaldlova. Kommunen må la det gå fram av vedtaket om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta § 13-5 om handsaming av søknaden, at de har vurdert om anlegget og utsleppsløyvet vil kunne skade naturmangfaldet i området.

Vi har ikkje andre kommentarar til søknaden.

Med helsing

Britt Solheim
senioringeniør

Sissel Storebø
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.